

# BIOPOSTEN

nr. 1 februar/mars 2024

**Nytt frå laboratorieavdelingane i Klinikk for diagnostikk**  
Avdeling for medisinsk biokjemi og blodbank,  
Avdeling for patologi og Avdeling for medisinsk mikrobiologi

## Til våre rekvirentar!

Etter ein lang vinter kan vi endeleg sjå at våren ikkje er så langt unna. Ute kan vi sjå snøklukkene stikke opp, og i skrivande stund lyser sola inn gjennom vindauget her på laboratoriet.

Inne i laboratoria våre arbeider vi kontinuerlig med å betre kvaliteten på arbeidet som utførast. Medisinsk biokjemi og blodbank Ålesund har vore akkreditert i meir enn 20 år. Vi kan no gratulere Avdeling for medisinsk mikrobiologi med at dei har blitt akkreditert etter NS-ISO 15189 ved begge sine seksjonar.

## Felles

### Ny bestillingsportal vert innført for prøvetakingsutstyr i Helse Midt-Norge

Vi har i mange år levert ut gratis utstyr til våre rekvirentar i Møre og Romsdal.

I løpet av våren vil forbruksutstyr til sjukehusa bli samla i eit stort lager på Heimdal.

Frå 22. april 2024 vert utsending av gratis utstyr til rekvirentane også sendt direkte frå Heimdal.



Du kan alt no førehandsregistrere di eining (til dømes legekontor/sjukeheim) i portalen slik at de er klare til å bestille når løysinga vert tatt i bruk frå 22. april 2024. Vi vil framleis tilby våre rekvirentar prøvetakingsutstyr, etikettar, samleposar, sendingshylser, rekvisisjonar og konvoluttar, på vilkår av at prøvene blir rekvirert hos og sendt til laboratoria i Helse Møre og Romsdal.

For å registrere deg går du til [Bestillingsportal prøvetakingsutstyr – Helse Midt-Norge \(helse-midt.no\)](https://hmn-bestillingsportal-ls.helse-midt.no) og trykker på knappen for «Opprett bruker».

Deretter registrerer du deg slik:

1. Finn di eining i rekvirentoversikta nederst i skjemaet (bruk søkefeltet for å finne lett fram).
2. Vel di eining, og du vil få beskjed om å aktivere rekvirenten. Trykk på markert tekst for å gjere dette.
3. Fyll inn eit telefonnummer og ei e-postadresse som er eit felles kontaktpunkt for eininga (typisk post@eksempel...)

No har du aktivert di eining for bestillingar. Du vil få ein e-post der du kan følge framgangsmåten for å opprette passord og deretter logge deg inn i systemet

Når du har logga deg inn i systemet som eining/rekvirent kan du opprette fleire bestillarar som alle kan bestille prøvetakingsutstyr på vegne av aktuell eining/rekvirent.

Har du spørsmål eller treng hjelp med å komme i gang? Les brukardokumentasjonen her: <https://hmn-bestillingsportal-ls.helse-midt.no/dokumentasjon/> eller kontakt [HMN.prøvetakingsutstyr@stolav.no](mailto:HMN.prøvetakingsutstyr@stolav.no).

## Mikrobiologi

### Avdeling for medisinsk mikrobiologi er akkreditert

Avdeling for medisinsk mikrobiologi ble i desember 2023 akkreditert i henhold til NS-EN ISO 15189 «Medisinske laboratorier – Krav til kvalitet og kompetanse».

Avdelingen har dermed fått en offisiell godkjenning av de tjenestene vi utfører, som sikrer for våre rekvirenter at vi velger testmetoder og utgir analyseresultater som holder optimal standard.

Akkrediteringen gjelder begge våre seksjoner, Mikrobiologi Molde og Mikrobiologi Ålesund.

Det meste av våre analyser er akkreditert, omfang av akkreditering fremgår av [AKKREDITERINGSDOKUMENTET](#).



### Fyrtårnlaboratorium

Avdeling for medisinsk mikrobiologi, seksjon Molde, er inkludert i FHI sitt fyrtårnsystem. Det innebærer at fyrtårnlegene i Møre og Romsdal nå kan velge å sende disse prøvene til oss.


Mer informasjon om fyrtårnsystemet finnes her; [Overvåkingssystemet for influensa - FHI](#)




### Brukerhåndbok Mikrobiologi

Dere finner brukerhåndboka til Avdeling for medisinsk mikrobiologi blant annet via hjemmesiden til Helse Møre og Romsdal; [Avdeling for medisinsk mikrobiologi - Helse Møre og Romsdal \(helse-mr.no\)](#). Legg den til som favoritt så har dere den lett tilgjengelig og kan bruke den som et godt oppslagsverk.

Vi jobber kontinuerlig med å oppdatere brukerhåndboka vår og er glade for kommentarer. Tilbakemelding eller innspill kan sendes til [mikromolde@helse-mr.no](mailto:mikromolde@helse-mr.no).



## Analysetilbud PCR vanligste luftveispatogener



Avdeling for medisinsk mikrobiologi utfører luftveisdiagnostikk med PCR mot en rekke ulike agens, både virus og bakterier. De epidemiologisk vanligste luftveispatogene har overlappende symptombilde og sykdomstegn og vil derfor ikke la seg skille kun på klinisk bilde. Derfor er disse samlet i et standard panel som tester mot alle agens. Mange luftveisvirus har klare sesongvariasjoner og det vil derfor variere hvilke virus som inngår i panelet til enhver tid. Høysesong for luftveisinfeksjoner defineres som perioden 1. november – 31. mars, men i praksis varierer dette noe fra år til år.

### **Luftveispanel vi tilbyr i høysesong 1. november-31. mars:**

SARS-CoV-2 (E-gen)

Adenovirus

Rhinovirus

RSV/hMPV

Influenzavirus A/Influenzavirus B

Bordetella pertussis

Bordetella parapertussis

Mycoplasma pneumoniae

Chlamydomphila pneumoniae

### **I lavsesong tas Influenza A og B, humant metapneumovirus og RS-virus ut fra panelet.**

Bordetella pertussis, Bordetella parapertussis, Chlamydomphila pneumoniae og Mycoplasma pneumoniae er med i panelet hele året. Men disse kan også rekvireres alene som pakke - Atypiske luftveisagens.

## Elektronisk rekvisisjon HP link

Medisinsk biokjemi og blodbank og medisinsk mikrobiologi i HMN har no i tre år hatt Epic sitt laboratoriesystem Beaker. Det har vore ei stor utfordring å få på plass eit elektronisk rekvisisjonssystem som skal passe alle journalleverandørar i primærhelsetenesta.

Frå 1. mars 2024 vil IHR avviklast og erstattast av HP Link. Ved utgangen av januar 2024 har over 100 legekontor i Midt-Norge tatt i bruk den nye løysinga. Målet vårt er at alle legekontor som ynskjer det skal ha fått tilbod om installasjon av og opplæring i HP Link innan sommaren 2024.

### HP Link integrert i journalsystema hos fastlegane

For best mogleg brukaroppleving av HP Link trengs integrert støtte i journalsystema (EPJ'ane) som nyttast i allmennpraksis (CGM, Pridok, WebMed, Hove Total og Infodoc). Mange funksjonar er allereie på plass og meir er undervegs. Les meir om kva ditt EPJ har støtte for på [www.hplink.no/support](http://www.hplink.no/support), eller hør med din EPJ-leverandør kva dei kjem til å tilby og når.

### Lokale prøver kan rekvisiserast i HP Link

Det er mogleg å rekvisisere lokale prøver i HP Link, på same vis som ein rekvisiserer prøver til laboratoria. Det kan være praktisk å kunne rekvisisere for eksempel lokal måling av HbA1c, albumin/kreatinin-ratio og/eller kroppsvekt, samtidig som ein rekvisiserer ein lab-pakke for diabetes årskontroll. HP Link-teamet kan sette opp menyen på ditt legekontor ut frå dei lokale undersøkingane som er ønskelege.

Ta kontakt på [www.hplink.no](http://www.hplink.no) for meir info og hjelp til oppsett.

### Patologi (cytologi og histologi) i HP Link

Når Helseplattforma blir tatt i bruk i HMR vil det bli mogleg å rekvisisere prøver til patologiundersøkingar som skal til Avdeling for patologi i Ålesund.

### Må ein legge på kopimottakar ved bestilling i HP Link?

Det er ikkje nødvendig å sette på kopimottakar for at prøvesvar skal være tilgjengelege for helsepersonell på sjukehusa i Midt-Norge eller helsepersonell som har tatt i bruk Helseplattforma. Alle kliniske avdelingar, radiologiavdelingar osv i Helse Midt-Norge, og alle helsearbeidarar som bruker Helseplattforma (kommunale sjukeheimar, helsestasjonar, heimesjukepleie) har tilgang til alle prøvesvar i pasientens journal, også for undersøkingar som er bestilt frå fastlegar. Det er berre mottakarar utanfor HMN-sjukehus og utanfor HP (for eksempel andre fastlegar, private spesialistar, eller sjukehus i andre helseregionar) som ikkje har tilgang til å sjå prøvesvaret.

Dersom det er ønske om å sende kopi til nokre av dei sistnemnte, kan det leggas inn ein «analyse» som heiter kopimottakar i HP Link. Når denne leggst inn kjem det opp eit kommentarfelt der ein skriv inn kven som skal ha kopi. Ved prøvetaking kjem det ut ein ekstra etikett som det står kopirek på.

### Fleire endringar på veg i HP Link

Det kjem fleire oppgraderingar av funksjonaliteten i HP Link i mars og mai. Meir om dette kjem i eige skriv, og blir også å finne på [www.hplink.no](http://www.hplink.no)/nyheter

## Biokjemi

### Cøliaki-diagnostikk

Etter ynskje frå rekvirentane våre samlar vi frå april all allergi- og cøliakidiagnostikk. Analysane vil då bli utført i Ålesund på to Phadia analyseinstrument. Det vil kome meir informasjon i eige skriv.

## Felles

### Kunderådgivar

Laboratorieavdelingane i HMR har stort fokus på samarbeid med rekvirentane våre utanfor sjukehusa. Vi har no tilsett bioingeniør Laila Marie Haram som kunderådgivar. Foreløpig er dette ei 50 prosent stilling ut året. Mange av dykk har allereie møtt Laila når ho som ein av tre bioingeniørar har vore rundt og installert HP Link.

Laila er ei aktiv dame som i tillegg til å vere ein dyktig bioingeniør har vore på landslaget i Taekwon-Do, elsker fjellturar både på ski om vinteren og i fjellsko om sommaren.

Ta godt imot Laila når ho kjem på besøk på legekontor og institusjonar i Møre og Romsdal.

Kunderådgivarstillinga kjem i tillegg til Noklus sine laborierådgivarar.



Laboratorieavdelingane i Helse Møre og Romsdal ønsker alle rekvirentar og samarbeidspartnarar ein fin vår.

Dei neste to vekene blir vi til stades på fastlegemøta som blir haldne på dei fire sjukehusa i Møre og Romsdal.

Vi arbeider for å kunne tilby gode tenester til det beste for pasientane i heile fylket. Dersom de har innspel til våre tenester ber eg om at de tar kontakt med oss. Bioposten finn du óg på internett: [Bioposten](#).

Informasjon om opningstider og blodprøvetaking for alle sjukehusa kan du lese under [Laborietetenster](#) på nettsida til Helse Møre og Romsdal.

Ansvarlig redaktør: Avdelingssjef Brit Valaas Viddal,  
Avdeling for medisinsk biokjemi og blodbank  
brit.valaas.viddal@helse-mr.no